



Voss herad  
Teknisk avd

## Rettleiar til skjema for søknad og ferdigmelding på sanitæranlegg.

### Bakgrunnsinfo:


Sanitærinstallasjonar i Voss herad skal utførast i samband med Voss kommune sin norm for vass- og avløpsanlegg, standard abonnementsvilkår (tekniske og administrative bestemmelser) og forskrift om vass- og avløpsgebyr.

Linkar til Voss herad (voss kommune) sin va-norm, standard abonnementsvilkår administrative bestemmelser og forskift om vass- og avløpsgebyr finn ein på heimesida til Voss herad under vatn og avløp. Standard abonnementsvilkår tekniske bestemmelser må bestillast av den einskilde røyrleggjar på: [https://nettbutikk.kommuneforlaget.no/en/products/9788244622820\\_Tekniske\\_bestemmelser.aspx](https://nettbutikk.kommuneforlaget.no/en/products/9788244622820_Tekniske_bestemmelser.aspx)

### Søknadsprosessen:

Avslag på søknad vert gjeve dersom tiltaket ikkje er mogleg, dokumentasjon i søknad ikkje er tilstrekkeleg, eller anna ymse.

Søknadsprosessen er som vist i flytskjema under





## Søknad på sanitærabonnement.

Søknadsskjema skal fyllast ut slik at informasjonen i skjemaet mest mogleg samsvarar med det faktiske anlegget. Det skal merkast av kva tiltaket gjeld, samt kva materiale, dimensjonar og liknande som skal nyttast.

Nytt for 2020 er innføring av tilknytingsavgift i etter trinn (sjå forskift). Trinna er basert på bruksarealet til bygget, og dette må difor påførast i søknaden. Bruksarealet skrivast i m<sup>2</sup> (kvadratmeter). Tilknytingsavgift vert sendt saman med svar (gitt godkjent søknad) på sanitær.

Ved søknad om sanitær skal skisse over tiltaket følgje med. Skissa skal vise leidningstrasse, påkoplingspunkt, og anna relevant informasjon for tiltaket.

## Ferdigmelding på sanitærabonnement.

Ferdigmeldingsskjema skal fyllast ut etter kva som faktisk er gjort i tiltaket. Her skal detaljinfo, som kan ha endra seg, eller vert ukjend i søknadsfasen påførast. Informasjon som skal følgje med i ferdigmelding:

- Materealangivelse (PE100, PE50, PVC ...)
- Diameter
- Trykkklasse (PN)
- SDR – klasse
- Innmålingsfil
- Ny skisse

Døme innregistrert info på ferdigmelding:

Vassforsyning		
Dimensjon	32mm	Materiale
		PE100
		Trykk-klasse
		PN10, SDR 11

Dersom det er nytta fleire røyrdimensjonar og/eller materiale, må dette påførast i «anna info»-boksen. Dette må og kome tydeleg fram i skissa.

Anlegget skal målast inn og leverast med ferdigmelding i ein av formatene KOF eller SOSI.

Punkt i innmålingsfila må samsvare med markering i vedlagt skisse.

Elementer som skal målast inn er:

- Stakerør/stakekum
- Utvendig stoppekran(er)
- Vass og avløpsleidning ca kvar 2m. Dersom det er både vatn og avløp i same grøft, er det ikkje nok å måle ein av leidningane.

Dersom det er lagt ned kum, skal kumskisse følgje med i ferdigmelding. Botn kum, og top kum målast. Dersom det ikkje er mogleg å gps-måle botn, skal nedmål påførast i skisse.